

Årsmøte - Stord Jeger og Fiskerforeining

30. november 2004



Sakliste

- 1. Opning ved Formannen**
- 2. Val av ordstyrar og referent**
- 3. Val av 2 representantar**

til å skriva under årsmøteprotokollen.

- 4. Årsmeldingar for gruppene**

5. Rekneskap

Sjå vedlegg 1 og 2.

6. Forslag

- a. Logo for SJFF. Styret ber om fullmakt til å handsame forslaga som kjem inn i prosessen
- b. Godtgjersle styremedlemmer. Styret foreslår kr. 200,- for medlemmer og kr. 500,- for formann.

7. Val

Val av representantar til SJFF-styret 2005

Årsmelding for Styret

Digitaliseringen av styrets arbeid, med e-mail og god kommunikasjonsflyt på nye nettsider, har effektivisert styret sitt arbeid og tilgjenge på informasjon om aktivitetene våre. I perioden har me halde 8 styremøter og handsama 37 nye saker i tillegg til 7 gamle før dette årsmøtet for 2004.

Dei fleste SJFF-sakene har igjen i år vedrørt laget og om lokale spørsmål. Men me har også handsama informasjon frå NJFF, fylke og sentralt.

Av dei sakene som er handsama og som ikkje naturleg høyrer heime i årsmeldinga for gruppene, kan nemnast:

- *Internettsider for SJFF*
SJFF har endeleg fått internettsider under domenet www.stordjegerogfisk.no. Her har mykje informasjon vorten lagt ut, spesielt i byrjinga. Publiseringstakten har dabbra av noko, men dette er ikkje unormalt. Sekretæren skal i desember ha kurs for gruppene i webjournalistikk, eit tiltak som vonleg kan oppretthalde flyten av nyhende på websidene. Automatisert e-post varling om nyhende frå websidene fungerer også veldig bra. Ganske mange nye medlemmer har kome inn etter påmelding direkte via websidene våre, som for øvrig har fått mykje skryt.
- *Familiedag*
SJFF arrangerte familiedag den 13.juni. Me fikk kjempever og ca. 600 besøkande, noko som truleg er rekord. Sammenfallet med Sunnhordlandsdagane ga også i år masse PR om arrangementet i forkant. Det vart særst god oppslutning av frivillige som dette var god merkevarebygging av foreninga. Diverre fekk me dårleg pressedekning i år trass god tilrettelagt informasjon mot media rett etter arrangementet.
- *Eigne lokale*
SJFF har jobba vidare med å få eigne lokale og denne saka ser ut til å kunne finne si løysing i 2005.
- *Skytebanen på Isdal og utbygginga av denne og kva konsekvensar dette får for SJFF.*
SJFF fekk ei løysing på tvistesaka med Stord Skyttarlag om bruken av banen på Isdal. Løysinga er til å leva med.
- *Aktiv jobbing med samfunns- og mediaprofilering som grunnlag for rekruttering*
SJFF har jobba aktivt med å vere synlege i pressa og har lukkast godt. Me trur at dei nye websidene kan gjere arbeidet enda lettare. Me har også deltatt på ei fritidsmesse på Vikahaugane Sportssenter, på stand saman med Sykkel og Sport.
- *Ulike aktiviteter for å skaffe inn pengar til SJFF.*
SJFF har jobba dugnad på Europris og dugnad med utkøyring av kommunal brosjyre. Ein har også fått inntekter gjennom redaksjonelle avisartikler og gjennom flogekastekurs og flogebindarkurs.

Styret i SJFF har i år fungert godt, og dei fleste av gruppene likeså.

Enkeltmedlemmer har engasjert seg bra i år og me vonar dette kan halda fram i åra som kjem.

Organiseringa i SJFF 2004

SJFF har hatt følgjande samansetjing etter årsmøtet 25. november 2003:

FUNKSJON	NAMN	FUNKSJONSTID
	STYRET	
Leiar	Vidar Lillevik, Hiljesgjerde 32, 5410 SAGVÅ G	2003/2004
Nestleiar	Velges på neste styremøte.	2003
Skrivar	Lars Dyhrfjeld, Hadlabrekko 104, 5417 STORD	2003
Kasserar	Jan Jørgen Bøe, Sandbrekko 10, 5411 STORD	2003/2004
Styremedlem	Olve Marvik, Hillarhaugen 74, 5415 Stord	2004/2005
Styremedlem	Bjørn Furre, Skifteslono 25, 5410 STORD	2004/2005
Styremedlem	Espen Lamo, Vinkelen 17, 5416 STORD	2003/2004
Styremedlem	Nils K. Bergli, Ådlandslio 29, 5416 Stord	2003/2004

	JAKTGRUPPA	
Leiar	Bjørn Furre	2004/2005
Styremedlem	Asmund Åsheim	2003/2004

	JEGERPRØVEGRUPPA	
	Ikkje aktiv i 2003	xx

	FISKEGRUPPA	
Leiar	Espen Lamo	2003/2004
Styremedlem	Anneli S. Mæhle	2004/2005

	FORVALTNING	
Leiar	Olve Marvik	2004/2005
Styremedlem	Hans Madsen	2003/2004

	LEIRDUEGRUPPA	
Leiar	Nils Kolbjørn Bergli	2004/2005
Styremedlem	Gunnar Grov	2003/2004

	REVISOR	
	Helge Lagerstrøm	2004/2005
	Kjell Tore Føyen	2004

	VALNEMND	
Leiar	Egil Høisæter	2003/2004
Medlem	Hans Kristian Jensen	2003/2004
Medlem	Anneli S. Mæhle	2003/2004

	REPRESENTANTAR SAMFUNNSHUSET	
	Knut Ove Øgård	2004
	Steinar Jæger	2004

	UTSENDINGAR TIL FYLKESLAGETS ÅRSMØTE	
1	Leiaren	

2	Nestlearen	
3	Kasserar	
4	Skrivar	

Rapportar for dei ulike gruppene i SJFF

Jegerprøvegruppa

Det har ikkje vore aktivitet innan Jegerprøvegruppa sidan 2001.

Fiskegruppa

Leiar: Espen Lamo

Deltakarar: Rune Westre, Vidar Lillevik, Anneli S. Mæhle, Ole Kristoffer Laastad.

Aktivitetar me har hatt i år:

- Skulestongprosjekt på Sagvågskule
- Flugebindarkurs
- Flugekastekurs
- Fellestur
- Stongbyggarkurs
- Flugebindekveldar

Skulestongprosjekt:

I samarbeid med NJFF, Sølvkroken og Statsskog hadde me skulestongprosjekt med Sagvågskule. Dette vart halden på Fletaneset. Fangsten vart ein ål.

Gode tilbakemeldingar frå Sagvågskule!

Flugebindarkurs:

Me har arrangert to flugebindarkurs i år. Eit hadde me i vår og eit i haust. Totalt har me hatt ca 20 deltakarar.

Flugekastarkurs:

Her var det ca 10 deltakarar. Kurset var halden i Sponavikjo.

Fellestur

I år gjekk turen til Vikedal. Det var 6 deltakarar med på denne turen. Lite fangst, men fin plass. Kan henda dette vert ein årleg tur.

Stongbyggarkurs

Me hadde det på Leirvik skule, Andreas Dunkley frå HJFF var instruktør. 10 deltakarar var med på kurset.

Flugebindarkveldar

Me har hatt fleire bindekveldar for medlemmar i vinter. Dette vil me starta opp att med på nyåret. Det var god oppslutning og god stemning på desse kveldane.

Me har fått gode tilbakemeldingar på alle aktivitetane me har hatt!

Jaktgruppa

Leiar: Bjørn Furre

Deltakarar: Asmund Aasheim, Geir Håkon Bergeland, Bjørnar Tønnesen, Heine Haktorson, Per Faste Moe, Asbjørn Dale.

Jaktgruppa prøvde å arrangera eit jaktleiarkurs den 13.-15. februar, men kurset måtte avlysast grunna lita interesse. Å avvikla kurset hadde påført sjff eit økonomisk tap me ikkje var intressert i.

I løpet av våren vart det avvikla eit fase tre kurs for ettersøkekvipasjar. Her var det god deltaking, to deltakarar frå Bergen og åtte var lokale.

Kurset vart arrangert over to helgar, fyrste helga på Børtveit camping, og andre helga på Jon Olvar Hystad si hytte, ved Fjellstova. Dette var med på å redusera underskotet. Underskotet vart forøvrig dekkja av Stord kommune slik at Sjff ikkje lei økonomiske tap på dette kurset.

Den 25. april vart det avhalde grenseoppgang og trekking av hjortejakta på gruveeigedommen. Ti jegerar stilte på grenseoppgangen, og trekkinga vart avholdt på demningen ved Dalskardsvatnet. I år vart me tildelt to frie dyr. Jegrane var einige om at ordninga frå ifjor var god. Då vart det gitt løyve til å skyta ein hjort av ein jeger, med mulig unntak av kolle med kalv; ein hadde då høve til å skyta begge. Dette for å unngå at kalven skulle gå igjen åleine. Kvar jeger betalte 400 kroner for ei veke jakt. Dette ser ut til å bli god butikk for Sjff då ingen hjort er felt så langt i jakta.

Fredag 13. august vart det etter anmodning frå Stord grunneigarlag arrangert eit seminar på Lundarstøl. Tema for samlinga var nedgongen i harebestanden på Stord/Fitjar, og kva me kan gjera for å auka bestanden. Me hadde invitert Hans Kristian Pedersen frå NINA til å orientera om emnet. Det var 23 deltakarar. Økonomien er ikkje avklara i skrivande stund.

”Småviltgutta” har også betra tilkomsten til jakterrenget i Hustredalen. Det er kvista stiar og saga veg til snuplassen i Hustredalen, det er også bygd ein gapahuk i Grovo.

Jaktgruppa er svært interessert i innspel frå medlemmene i Sjff om aktivitetar/tiltak/kurs som jaktgruppa kan arrangera.

Jaktoppsyn: Me har og gått oppsyn i sameiga i Stordafjellet i år, og til no har 2 fått påminning om att dei bør kjøpa seg eit jaktkort, ellers har det gått heilt fint, alle andre som er kontrollert har hatt papira sine i orden så oppsynet må seiast å ha gått bra..

Hund /sau: Sesongen starta i år 25/01. Det er den tidlegaste starten me nokon gong har hatt. Til no har ein hatt 16 hundar, 12 jakt hundar og 4 andre. Av dei 16 hundane var det 5 jakthundar som berre skulle ha fornying av sertifikatet, resten var nye hundar som skulle ha full pakke. Av dei nye hundane jaga alle sau, men etter behandling fekk alle papir på at dei hadde gått gjennom sauereinhets kurs.

Ettersøk: Ettersøksordninga hausten 2004 er eit samarbeid mellom SJFF og Fitjar JFF ettersøkslag. Totalt vart det gjennom 10 ettersøk, 6 på Stord og 4 på Fitjar. I tillegg til søkene stilte SJFF ekvipasje til disposisjon ved mistanke om tjuvjakt. Representant for SJFFs ettersøkslag holdt også eit mindre innlegg om ettersøk på fellesmøte på Fitjar før jakta.

Leirduegruppa

Leiar: Nils Kolbjørn Bergli

Deltakarar: Gunnar Grov og Jan Bøe.

Aktivitetane på leirduebanen har vært skyting for jenter og trening pluss innstruksjon for nybegynnara og jegerkurs.

Me har og hatt ranking og Stordmesterskap, der vinnaren vart Oddvar Østrem.

Totalt brukte skudd er 18150.

Forvaltningsgruppa

Leiar: Olve Marvik

Deltakarar: Hans Madsen, Kristian Stangeland, Harry Hauge og Stian Engevik.

Aktiviteten til forvaltningsgruppen har i år, som tildligere år, stort sett gått med til vedlikehold av Steinhytta og Budalsbu.

Steinhytta har hatt en general opprydding, og det har blitt steinsett i de verste blauthålene ned mot Tysevatnet. Det har vært 15 overnattinger i Steinhytten pr 19.10.

Budalsbu var stengt i tidsrommet 22 april-09 mai. dette grunnet lekkasje i tak, dårlig ovn, og ødelagt pipe. Dette ble fikset og hytten fremstår nå som ny. Det har vært 12 overnattinger i Budalsbu pr 19.10.

Overnattinger i forbindelse med dugnad, eller av personer med egne nøkler er ikke registrert.

Lavo og telt har vært flittig brukt av medlemmene.

Det er interessant å merke seg at det på tross av relativt få overnattinger i "den kalde" årstid, går med store mengder ved til å holde varmen i hyttene.